

KM 05/00 Tidfesting av Kyrkjemøtet 2002 - VEDTAK

Kyrkjemøtekomiteen sine merknader:

Saksutgreiing: Kyrkjemøtet skal i følgje Møteføresegna for Kyrkjemøtet (§1-1) tidfeste Kyrkjemøtet dei neste 2 åra, etter framlegg frå Kyrkjerådet. Kyrkjemøtet 2000 skal derfor tidfeste Kyrkjemøtet 2002. Møteføresegna rår til at "Kirkemøtet bør finne sted på noenlunde samme tid hvert år". Heilt frå 1984 har ein med gode røynsler lagt Kyrkjemøtet til november. Ved tidlegare handsaming av Kyrkjemøte-tidfestinga har ein lagt vekt på at Kyrkjemøtet bør finne stad etter at Regjeringa har lagt fram sitt framlegg til statsbudsjett for Stortinget. Dette har dei seinaste åra vorte framlagt i byrjinga av oktober. Av omsyn til dei medlemmane av Kyrkjemøtet som er studentar, bør ein unngå å leggje møtet for seint i november, da dei er opptekne med eksamen. Det har og tidlegare vore viktig at Kyrkjemøtet ikkje må falle saman med Helgemessesundag. Denne fell på 3. november i 2002. Ut frå dette er det naturleg at Kyrkjemøtet 2002 vert halde i veke 45, og at møtet tar til på måndag. Ein finn det rimeleg at sekretariatet i Kyrkjerådet tek den endelege avgjerda når det gjeld avslutningsdag for Kyrkjemøtet. Komiteen sine merknader: Komiteen har drøfta om Kyrkjemøtet bør haldast på ei anna tid av året, og ser gjerne at spørsmålet utgreiast av Kyrkjerådet.

KYRKJEMØTET SITT VEDTAK:

Kyrkjemøtet 2002 vert halde i veke 45.

Vedtaket var samrøystes.